

**- Kva betyr påska for deg?**

Ved inngangen til påskeveka har vi stilt dette spørsmålet til misjonær Gunnar Kjærland (88) og svaret kjem straks:

- Påska betyr alt for meg. Då Jesus stod opp att var sigeren og jubelen fullkommen. og vi var igjen Guds born.

Langfredagen då han døde på krossen har derimot alltid vore ein tungsindig dag i livet mitt.

Det er noko eg har hatt med meg heilt frå søndagsskulen. då eg var barn i Haugesund., seier Gunnar som aldrihar hatt påskeferie men brukt påska til å forkynne den glade bodskapen. I fleire år skjedde det i Skånevik.

Palmesundag i år skulle han hatt nattverdmøte her i bygda men eit uhell gjorde at han måtte avlyse. Den utrettelege misjonær - eller emissær om ein heller vil nytta det ordet - kjem nok sterkare att for er det noko han trossar så er det alderen.

Når det ikkje er gudsteneste i kyrkja har han gjerne møte i bedehuset om førermiddagen eller kvelden. Ei eller to veker i året går han meir analytisk til verks og då har han til dømes teke for seg Johannesbrevva og Galaterbrevet.

-Men for å vende attende til påska - kva for ei salme set du høgast av påskesalmane - er det 'Påskemoren slukker sorgen' ?

- Grundtvigs salme er jo fantastisk, den tar også med seg langfredag og Jesu død før den presenterar jubelmeldinga om oppstandelsen som slukker sorgen til evig tid. Det er jo den vakraste dagen ein kan ha gjennom livet.

Men eg er også svak for 'O salige stund uten like' som er skrevet av Johan Halmrast, ein mann som fekk eit tragisk livsløp.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen